

Opning av petanquebane og utesjakk på laurdag.

29.03.2017



Sjakkfeltet og deler av petanquebanen med Den Blå Stolen i bakgrunnen. Flott aktivitetstilbod!

Laurdag kl.12 inviterer Spar Uskedalen alle velkommen til å vera med når dei nye aktivitetstilboda ved Oska på Sandakaien vert opna. Det vert ein kjekk opningsseremoni med både spel og servering. Det vert også mogeleg å få tips og rettleiing både i sjakkspel og petanquespel.



Ewy og Deimante var nett ferdig med sitt andre parti i sjakk då eg var nedom onsdag i kveldinga. På petanquebanen var ein annan gjeng i aktivitet.

Petanque er blitt veldig populært på Stord, og det er ein svært aktiv klubb der som også har fleire noregsmeistrar. Det som er ekstra flott med spelet, er at det passar for alle.

- Stord petanqueklubb har vore svært behjelpelige under arbeidet med banen, og representantar frå klubben vil vera til stades på opninga. Dei vil også hjelpa til med å gje dei frammøtte opplæring i spelet, fortel Bente Nilsen, dagleg leiar ved Spar Uskedalen. Ho legg til at banen held internasjonale mål, og den er dermed såpass stor at 3 grupper kan vera i aktivitet samstundes på tverrs av banen.

Sjakkfeltet ved sida av petanquebanen vert også opna laurdag. Bjørn Olav Tveit i sjakkklubben har lova å ta med seg nokre spelarar, mellom anna nokre ungdommar, slik at dei frammøtte både kan få vera publikum på nokre spennande parti, og dessutan spele sjølv, gjerne med gode tips om dei ønskjer det. Brikkene står alt ute, og det er viktig at alle hjelpest åt med å ta vare på dei slik at flest mogeleg kan få glede av aktivitetstilbodet.

Spar Uskedalen byr også på servering av kaffi, kaker, pølse og saft. I tillegg vil Roy Lervåg, sjølv om han er travelt opptatt med å førebu stor middag på kvelden, ha ope på Oska slik at publikummarar som ønskjer det, kan få kjøpa oppfriskande drikke.

- Vi håpar folk sluttar opp om tiltaket. Målet med opningsarrangementet er å inspirera til bruk slik at aktivitetstilbodet vert til glede for flest mogeleg, avsluttar Bente Nilsen som har registrert at Den Blå Stolen som vart plassert på plenen framfor Oska for kort tid sidan, er blitt ein populær plass for fotografering.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.